

ARBEIDSPROGRAM FOR 2020.

Møre og Romsdal Parkinsonforening skal samarbeide med dei tre lokalforeiningane, ha ein koordinerande funksjon og bidra til at aktivitetar og tilbod vert gjort tilgjengeleg for alle medlemmane i fylket. Fylkesforeininga har eit ansvar for at all relevant informasjon frå forbundet og "helse-Noreg" når fram til våre medlemmar.

MEDLEMSARBEID:

Medlemmane i fylket er registrerte i dei 3 lokalavdelingane. Lokalavdelingane har ansvar for medlemsmøte og aktivitetar lokalt. Fylkesforeininga sit med det formelle ansvaret.

Fylkesforeininga si oppgåve:

- Gjere organisasjonen synleg og tilgjengeleg for medlemmane
- Bidra til at parkinsonramma og deira pårørande får fagleg påfyll gjennom medlemsmøte og likepersonarbeid i lokalforeiningane
- Målretta arbeid mot Yngre parkinson når det gjeld aktuell informasjon og aktivitetar for denne gruppa
- Få ut viktig informasjon til medlemmane gjennom nettsida og arbeide for å oppretthalde "Hør på meg" i ei enklare form
- Gjennom lokalforeiningane arbeide for tilrettelagde aktivitetar der medlemmane bor

Organisasjon og utviklingsarbeid:

- Fylkesforeininga skal ha tett samarbeid med styra i lokalforeiningane
- Jobbe oppover mot NPF og utad mot aktuelle instansar til medlemmane sitt beste
- Arbeide for å få utgitt "Hør på meg" 4 ggr i året
- Oppfølging av arbeidsprogram i fylkes- og lokalforeiningane
- Halde nettsida til NPF oppdatert med viktig informasjon frå MRPF og lokalforeiningane i fylket
- Oppdatere medlemslistene for å nå ut til alle medlemmane

Påvirkningsarbeid:

- Aktivt medverkande i innføringa av ParkinsonNet i Møre og Romsdal
- Arrangere fagdagar for helsepersonell i kommunane
- Arrangere fagdag for sjukepleiestudentar ved NTNU, Campus Ålesund
- Arbeide for parkinsonsjukepleiar i 50% stilling

Informasjonsarbeid:

- Sikre god informasjon til nydiagnostiserte i møte med nevrolog
- Lage informasjonsbrosjyre om MRPF
- Sikre at relevant materiell om parkinson sjukdom er tilgjengeleg på alle nevroavdelingane og andre "møtestadar" som fysioterapeutar, logopedar og liknande
- Samarbeid med lærings- og mestringsenteret i helse Møre og Romsdal
- Halde fram samarbeidet med Aure rehabiliteringssenter
- Samling for likepersonane i fylket

Volda 30.1. 2020

Styret

